

LINDÅS KULTURRÅD

Isdalstø, 19.04.16

Ordføreren i Lindås

Kultureininga v/ kultursjef Stang

Rådhuset

5914 Isdalstø

UTTALE I SAMBAND MED NY INFORMASJONSBROSJYRE OM LINDÅS KOMMUNE

Først må vi gratulera med ein sær sars fin informasjonsbrosjyre.

Bakgrunnen for at Lindås kulturråd kjem med uttale på brosjyren, er at vi meiner det er manglande opplysningar om kulturfeltet generelt og fleire uriktige opplysningar.

Som det står i innleiinga er dette til informasjon for dei som bur her eller for dei som vurderer å flytta hertil. Det er difor sær viktig at innhaldet er korrekt.

Vi finn både manglar og direkte feil og vil her nemna:

Side 1: Kartet over kommunen. Europas nordlegaste bøkeskog ligg ikkje i Alversund, men på Vollom. Lindås-slusane er heller ikkje rett plassert.

Side 6: Me meiner det kan vere misvisande at det står at administrasjonssenteret til Nordhordland ligg i Knarvik, jfr. faktaboks.

Side 19:

Ostereidet – ei historisk bygd.

Er det fordi dei har bensinstasjon, daglegvarebutikk, barnehage og barne- og ungdomskule? Enten må det omtalast kva som ligg i dette omgrepet «historisk bygd», eller så er det feil å nemna det.

Tettstader i kommunen

Når det først vert nemnt tettstader, er det viktig å ta med dei største tettstadene i kommunen. Alversund/Alvermarka/Hilland er ein stor tettstad vi meiner burde vore nemnt.

Side 32/33:

Om jobbar i kommunen (jobb med **mening** ? (bokmål)

Her er lista opp ei rekkje kommunale tenester, mens kultursektoren ikkje er omtalt. Bibliotek, kulturskule, frivilligsentral er område folk er opptekne av. Skal dei flytta til ein kommune er det viktig å vita kva tilbod som fins, for eksempel for borna. Så lenge ein listar opp kommunale tenester burde det vera sjølvsagt at lista var komplett.

Side 42/43:

Det er ein omfattande omtale av korpsrørsla, men ikkje av kor og anna frivillig arbeid. Kanskje burde det vore ein betre balanse i dette.

Side 50:

Tusenårsstaden i Lindås kommune er IKKJE Lyngheisenteret.

Når nytt opplag av brosjyren skal trykkjast, ber vi om at dette vert retta.

Med venleg helsing

For styret i Lindås kulturråd

Einar Vatne

leiar